



**Lindås kommune, rådmannen.  
Rådhuset -Kvernhusmyrane 41  
5100 ISDALSTØ**

*Særutskrift av sak 3 frå møte i Samarbeidsutvalet/Skulemiljøutvalet (SU/SKMU) ved Myking skule 16.04.15*

***Uttale til høyring «Framlegg til planprogram for oppstart av arbeidet med rullering av kommunedelplan skule 2014-18 for Lindås kommune».***

Samarbeids- og skulemiljøutvalet ved Myking skule (SU/SKMU) har handsama høyringa i sak 14/6105 «kommunedelplan for skule 2014-2018».

**Vedtak SU/SKMU:**

SU/SKMU ved Myking skule er glade for at Kommunestyret ved kvar rullering av kommunedelplan for grunnskulen har sett at skulen er viktig for bygdene i Myking skulekrins og for kommunen og har vedteke vidareføring av skulen.

Myking skule har gode og tenlege lokale med god kapasitet, ein svært stabil undervisningsstab og eit svært godt skulemiljø med godt samarbeid mellom elevar, heimane, skulen og krinsen, - noko som syner att i skulen sine gode skuleresultat både fagleg og sosialt.

Når det gjeld høyringsutkastet si framstilling av skulen sin standard og vedlikehaldsbehov finn vi der i mot store feil både når det gjeld kvalitet og status på skuleanlegget. Me meiner at innsparingspotensialet ved å leggja ned skulen er overvurdert, og konsekvensar av at elevane i Mykingskrinsen kan bli spreidd mellom offentlege og private skular er sterkt undervurdert.

SU/SKMU syner elles til rapporten som er utarbeidd av «arbeidsgruppa «Bevar Myking skule» og bed om at denne vert lagt fram for kommunestyret i sin heilskap når saka om kommunedelplan for skule skal slutthandsamast. Me syner og til dei skuleinterne uttalane frå elevrådet, tillitsvalde og undervisningspersonalet (vedlagt).

Med vedlegga:

1. Uttale frå elevrådet ved Myking skule
2. Uttale frå tillitsvald ved Myking skule
3. Uttale frå Undervisningspersonalet ved Myking skule
4. Uttale frå arbeidsgruppa «Bevar Myking skule»

Rett utskrift 17.04.2015

Nils Kvalvågnes  
(referent for SU/SKMU)

## VEDLEGG 1

### Elevrådet ved Myking skule:

Uttale til høyringsframlegg kommunedelplan skule 2014-2018.

Elevrådet ved Myking skule meiner det er viktig at skulen får fortsetja fordi:

- Myking skule er viktig for heile bygda, her er t.d. eldrekafe, Ving, 17. maifeiring og vallokale. Skulen er sentrum i bygda.
- Viss skulen vert nedlagt, står butikken også i fare for å bli nedlagt.
- På skulen er det eit oversiktleg og trygt miljø utan mobbing.
- Alle kjenner alle, og alle får hjelp når det trengst.
- Skuleplassen vert mykje brukt også utanom skuletida

## VEDLEGG 2.

### Uttale frå tillitsvald ved Myking skule:

Målet om å sikra eit likeverdigg skuletilbod til alle i kommunen ved å samla alle elevane på store skular må ikkje gå på bekostning av brukarane – elevane våre.

Me trur ikkje at nedlegging av Myking skule vil bidra positivt korkje fagleg eller sosialt, ut frå slik status er no. Viser elles til ulike undersøkingar gjort av Arbeidsgruppa ved Myking skule.

Helsing Reidun B. Skauge

### VEDLEGG 3.

Uttale frå undervisningspersonalet ved Myking skule til høyringsframlegg til kommunedelplan skule 2014-18»

"Undervisningspersonalet ved Myking skule kan ikkje sjå at det er pedagogisk grunnlag for å leggja ned Myking skule. Skulen har eit svært stabilt og kompetent undervisningspersonale og har svært gode resultat når det gjeld elevmiljø (j.f. Elevundersøkelsen si mobbekartlegging) og gode skuleresultat. Prognosane syner veksande elevtal og ei nedlegging vil klart vera negativt for den kommunale grunnskulen i Lindås ungdomsskulekrins, - som alt har mista ein barneskulekrins med mange elevar til privatskulen Skodvin Montessoriskule. "

#### VEDLEGG 4

Uttale til framlegg kommunedelplan skule 2014-2018 frå arbeidsgruppa «Bevar Myking skule».

Rapporten «Myking skule – ein hjørnestein i bygda» er i eit eige hefte oversend kommunen frå arbeidsgruppa «Bevar Myking skule».

Ligg også ved denne oversendinga som eit eige dokument.